



Ingunn er sjef for 12 i apoteket

**Eg er merksam på dette med ventetida. Den er ein utfordring og vi jobbar med å få korta den ned.**

**Dette løftet kjem frå nybakt sjef for Vitus apotek på Husnes, 31 år gamle Ingunn Kroka Raudstein frå Halsane i Uskedalen.**

**Ho vart spurt om ho ville ha jobben og sa ja.**

**Det innebar at ho slutta i tilsvarande jobb ved Vitus-apoteket i Leirvik på Stord. Ho tok tenketid, for Stord-jobben var triveleg og Husnes-jobben meir krevjande.**

Det er mykje travlare ved Husnes-apoteket.

Medan det er 7 fast tilsette i Leirvik er det 12 på Husnes og apoteket der har større oppgåver ettersom dette er det som kallast forsendelsesapotek som sender medisinar til heile Kvinnherad., Helligdags har apoteket ved flyttinga til Storsenteret fått mykje større armslag, faktisk 380 kvadratmeter, og lokala som Jernia hadde før er ljose og trivelege. Opningstida er frå 9 til 18 på kvardagar og frå 10 til 15 på laurdagar.

Og Ingunn er tydelegvis ikkje redd for utfordringar.

Det var ikkje noko spesielt som tilsa at ho skulle bli farmasøyt. Ikkje var ho arveleg belasta heller. Men då ho gjekk på KVV vart ho hekta på kjemien og dermed var det gjort. Det bar til Oslo for 5 1/2 års studium på Blindern der ho var ferdig i 2005.

Første jobben var som farmasøyt på den plassen ho no har kome attende til - faktisk berre 2 butikkar unna i Storsenteret Der vart ho til ho overtok som apotekar på Stord i 2008.

Ingunn har også ei utfordring heime på Raudstein der Dagny på 4 1/2 år og Astrid på 2 år krev sitt. Men når mor er på jobben blir dei teke godt hand om i barnehagen i Uskedalen.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Rommelege og trivelege er dei nye apoteklokala